

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Referat frå møte mellom Vestland fylkeskommune og UngVest

Dato: 12. februar 2020

Til stades: Atle Johannessen, Øystein Rambjørg, Marianne Ose Askvik, Ronny Skaar, Åge Avedal (via video). Per Morten Ekerhovd var til stades ved starten av møtet.

1. UngVest orienterte

Det vart vist til siste møtet og referat frå dette, der det mellom anna vart tatt opp frå fylkeskommunen si side at det hadde vore låg aktivitet i UngVest. Dette vil UngVest tilbakevise. Atle viste til samtale mellom han og Ronny som galdt m.a. økonomi, og vil ha klarare svar på kva UngVest kan forvente. Ronny svarte at dette blir avgjort politisk før sommaren, men at det er sett av pengar i budsjettet.

UngVest har utfordring med økonomien grunna sein utbetaling av støtte frå fylkeskommunen. UngVest spør om det kan vere aktuelt for fylkeskommunen å stille med kontorlokale mot at UngVest betalar t.d. straumkostnader etc. Viste til tidlegare praksis i HBUR, der fylkeskommunen stilte med kontor. Ronny svarte på dette, og viste til at HBUR då hadde ansvar for oppgåver i fylkeskommunen, m.a. UKM, tilskotshandsaming og fylkesting for ungdom. Desse oppgåvene har ikkje UngVest no, og fylkeskommunen har ikkje praksis for å stille med kontor til organisasjonar.

2. Forventningar og spørsmål frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen meiner det er viktig og nyttig med ein paraply for det frivillige barne- og ungdomsfeltet i Vestland, og ser at UngVest kan fylle ei rolle her. Det er frå fylkeskommunen ei tydeleg forventning om at UngVest leverer tenester og er eit godt organ for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Det er dette fylkeskommunen støttar gjennom tilskot.

Ronny spurte om UngVest per no har fungerande leiar og dagleg leiar. Atle og Øystein svarte at det har vore sjukmeldingar blant dei som har desse rollene, og at nytt styre blir valt på årsmøtet 22. februar. Resten av styret fungerer. Det vart stilt spørsmål frå fylkeskommunen ved registrerte opplysningar i Brønnøysundregistra. Dagleg leiar og eitt styremedlem har fråtredd rollene. Kven har då rolle som dagleg leiar, som er eit krav at organisasjonar har i følgje aksjelova? Det vart svart at styreleiar har hatt denne rolla sidan hausten 2019.

Marianne viser til kontakt med styremedlemer i UngVest som seier dei har trekt seg frå styret og som har uttrykt bekymring over drifta. Marianne viser også til kontakt med regionale barne- og ungdomsorganisasjonar og tilbakemeldingar frå desse som er med å skape eit bilete av korleis UngVest har fungert dei seinare åra. Ronny og Marianne fortel at UngVest ikkje har sendt inn årsmøteprotoll frå 2019 og revidert årsrekneskap for 2018. Ronny understreka at UngVest ikkje har levert det som krevst for å kunne få tilskot frå fylkeskommunen. Budsjett- og rapporteringsmøtet i 2019 vart ikkje gjennomført på tilstrekkeleg vis. Dagleg leiar møtte her, men møtet vart avslutta utan at ein kom i mål med det som var sett på agendaen.

Åge spurde representantane frå UngVest om eigenkapitalen ved årsskiftet, og om UngVest har uteståande gjeld. Dette kunne ikkje representantane frå UngVest svare på.

Åge spurde om utsending av sakspapir til fylkesårsmøtet, og at han ved fleire høve har bedt om å få oversendt desse då han vil delta på fylkesårsmøtet, og fordi fylkeskommunen skal ha tilgang på dokumenta som blir lagt fram på årsmøtet. Representantane frå UngVest svarar at årsmøtepapira er sendt ut til medlemsorganisasjonane, slik det er krevd. Åge spør om rekneskap er blant desse, og om fylkeskommunen derfor lett kan få tilgang til opplysningane i rekneskapen. Det blir svart at rekneskap blir lagt fram på årsmøtet, og ikkje er sendt ut då den ikkje er ferdig revidert. Åge viser til vedtektene til UngVest som seier at sakliste og sakspapir skal sendast ut 14 dagar før årsmøtet. Han seier at ein risikerer at årsmøtet ikkje blir godkjent av årsmøtelyden når ikkje sakspapira er sendt ut i tråd med vedtektene, og oppmodar UngVest om å sende ut rekneskapen slik den ser ut no til alle organisasjonane og skrive at revisormelding blir ettersendt eller lagt fram på årsmøtet.

UngVest vil skaffe til veie dei nødvendige dokumenta som er krevd og sende til fylkeskommunen. Dette gjeld alle årsmøtedokumentane for 2019 og 2020.

Fylkeskommunen vil invitere til samarbeid om møteplass / seminar for frivillig sektor hausten 2020.

Det vart kommentert at nettsidene til UngVest er lite funksjonelle. Dette vil UngVest ta tak i og rette opp.

3. Referat frå siste møtet

UngVest har sendt innspel til referatet frå siste møte, 22. januar. Atle sendte innspela i dialog med Øystein Rambjørg og Johanne Kalsas som deltok på dette møtet. Atle vil gå gjennom innspela til referatet på nytt, og sende eventuelt nytt forslag til punkt som bør inn i referatet eller som kan leggest ved som merknad til referatet.

4. Nytt møte

Fylkeskommunen og UngVest tar sikte på nytt møte om lag ein månad etter årsmøtet i UngVest 22. februar. Administrasjonen i fylkeskommunen kjem med forslag til dato.

Åge Avedal
- referent -

Med helsing

Åge Avedal
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste
UngVest v/ Atle Johannesen
Øystein Rambjørg

Kopi til:
Ronny Bjørnar Skaar
Marianne Ose Askvik
Per Morten Ekerhovd